

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna overbevisande retorikk</li> <li>• Kunna argumentera skriftleg</li> <li>• Vita korleis ein resonnerande tekst kan sjå ut</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa, skriva og snakka om å ta val</li> <li>• Reflektera kring det å ta val</li> <li>• Snakka om utdanning og karriere</li> <li>• Bruka verb i futurum (framtdsform)</li> <li>• Bruka skrivestrategiar</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekning med ulike algebraiske uttrykk</li> <li>• Faktorisering av ulike algebraiske uttrykk</li> <li>• Faktorisering og forkorting</li> <li>• Kvadratsetningane</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjera greie for nokre sentrale lovar</li> <li>• Kjenna til ulike formar for kriminalitet</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna ulike syn på Jesus</li> <li>• Vita noko om dei fire evangelia</li> <li>• Vita kven Paulus var og kvifor han er viktig for kristendommen</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å fortelja om kva du og andre gjer</li> <li>• Å fortelja om kva du og andre skal gjera</li> <li>• Å fortelja om kva du og andre har gjort og stadar de har vore</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å kunna bruka presens perfektum</li> <li>• Å kunna snakka om ver og årstider</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skapa ulike typer munnlege og skriftlege tekstar, og tilpassa tekst til ulike føremål</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Kunna produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<p><b>Ultimate Frisbee:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og gjennomføre livreddande førstehjelp</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kunna visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og/eller arbeidsteikningar</li> <li>• kunna omarbeida og samanføya ulike materiale</li> <li>• kunna bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplera progresjon i arbeidet med å spela eit instrument i band, 12-takters blues i A.</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få oversyn over alle moglege utdanningsveggar og yrke</li> <li>• Læra å kjenne seg sjølv betre, slik at ein kan få idear om kva yrke og utdanning som kan vera ein god idè</li> <li>• Følg med på planen for faget under "Kva skjer" på OneNote/08UTV og jobb med det du ikkje kan eller ikkje forstår. Dersom du har vore fråverande, kan du ta igjen klassen med å jobbe med det som står der. Snakk med rådgjevar om noko er uklart eller om du treng hjelp.</li> </ul>
<b>Trafikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utforska og gjera seg kjent med trafikken i nærmiljøet og foreslå konkrete trafikksikkerhetstiltak</li> <li>• reflektera over og visa korleis trafikksikkerhets-utstyr kan redusera ulykker og skadar</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Læra om budsjett</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på og gjennomføra varierte rørsleaktivitetar åleine og saman med andre</li> <li>• Vita skilnaden mellom seg sjølv og andre i aktivitetar</li> <li>• Inkludera alle, samarbeida og oppmuntra medelevar til å delta i fysisk aktivitet</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sporlaus ferdsel og overnatting ute (veke 38)</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• du må utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt.</li> <li>• kunne bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordensreglement, klassereglar og klassemiljø</li> </ul>

#### INFORMASJON TIL HEIMEN

Det blir gjort mykje bra arbeid, og mange elevar viser modning og motivasjon. Det er kjekt å sjå god framgang.

### Foreldremøte

Tysdag 19. September kl 18.00 er det foreldremøte i Aulaen. Det vil blant anna bli mykje informasjon om vidaregåande skule. Viktig at føresette møter opp på møtet. Sjå innkalling på heimesida.

### Utdanningsval

I veke 39 skal elevane ha utdanningsval (UTV). Elevane skal då bli kjent med eit nytt utdanningsprogram på vidaregåande skule. I løpet av veka skal elevane vera med på eit prosjekt (idrettsfag), andre programfag skal på turar til universitet og ulike bedrifter og elevane skal arbeida i ein bedrift. Tysdag i veke 39 eller veke 40 skal elevane ha skrivvekt på skulen. Kvar elev har fått ein oversikt over kor dei skal vera til ein kvar tid. Denne oversikten kan ein finna på ON Utdanningsval.

Helsing oss på 10.trinn

## HEIMEARBEID VEKE 38

<b>Norsk</b>		Les 3x20 min i boka di. Hugs å oppdatere på ON.
<b>Engelsk</b>		Les teksten 'The opportunity of choice' som er på ON under heimearbeid også fyll inn tabellen under med orda merka med gult. Hugs å skriv med eigne ord og på engelsk under "explanation". 10B, jobb med presentasjonen (presenterer på torsdag), oppg. ligger på teams "Engelsk, 10B"
<b>Matematikk</b>		I oppgåveboka s. 6 - 8: 1.101, 1.102, 1.104, 1.106.
<b>Samfunnsfag</b>		Les: <a href="#">På kant med loven @ Aunivers</a> Bruk ulike kjelder for å finne svaret, og skriv på onenote: 1. Kor stor del av kriminaliteten i Noreg vert utført av ungdom mellom 18 og 20 år? 2. Kor mange sit fengsla? 3. Kva type lovbrøt skjer hyppigast?
<b>Naturfag</b>		Les s. 178- 180 Svar på Kva las du no oppgåvene s. 180
<b>Spansk</b>		Gente ejercicios s. 15 oppgave 5
<b>Tysk</b>		Gruppe Anastasia: sjå "Teams" – Tysk 10 – Apper – Hjemmeside (Hjemmearbeid, veke 38) Norunn si gruppe: Skriv 10 setningar om kva du gjorde i går. Bruk presens perfektum.
<b>Eng fordj</b>		Fyll inn i skjemaet på ON.
<b>Kroppsøving</b>		<b>Ultimate frisbee:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera ute. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Musikk</b>		Dersom du og lærar opplever at du oppnår lite framgang på ditt instrument og i samspel med dei andre i musikktimane, må du øve heime eller i aula i matfriminuttet eller etter skuletid. Gje i så fall avtale med musikk lærar om dette. Du får ikkje framgang utan 1000 repetisjonar, dvs hardt arbeid.
<b>Kantine</b>		Møt på kjøkken. Hugs forkle og hårstrikk

## HEIMEARBEID VEKE 39

<b>Norsk</b>		Les 3x20 min i boka di.
<b>Samfunnsfag</b>		UTV heile veka
<b>Musikk</b>		Dersom du og lærar opplever at du oppnår lite framgang på ditt instrument og i samspel med dei andre i musikktime, må du øve heime eller i aula i matfriminuttet eller etter skuletid. Gjer i så fall avtale med musikk lærar om dette. Du får ikkje framgang utan 1000 repetisjonar, dvs hardt arbeid.